


# Stiftsnytt

INFORMASJONSBLAD FOR BJØRGVIN BISPEDØME    NR 1 - OKTOBER 2015



[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)



## Klar til innsats!



### Innhald

Leiar	2
Helsing frå biskopen	3
Kva vil vi som kyrkjelyd?	4
Bjørgvin bispedøme i tal	4
Gje trua vidare	6
Ungdom er dagens kirke	7
Trusopplæring for vaksne	7
Gje evangeliet føter og hender	8
Lokal og global	8
Grøn kyrkjelyd	9
Det inkluderande kyrkjelivet	9
Offensiv satsing i lite sokn	10
10 råd til nye soknerådsmedlemer	11
Kultur i kyrkja	11
Soknerådsleiaren	11
Finn oss på nettet	12

UTGJEVAR:  
Bjørgvin bispedømeråd.

Adresse: Postboks 1960, 5817 Bergen  
Telefon: 55 30 64 70  
E-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no  
Redaktør: Jens Z. Meyer  
E-post: jm532@kyrkja.no

For nytt frå Bjørgvin, sjå  
[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

Vil du ha korte e-postmeldingar med nytt frå nettsidene? Gratis abonnement på [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin).

Bankkonto for gaver/offer til Bjørgvin bispedømeråd: 9235.17.3960

Førtrykk: dragefjellet.no  
ISSN: 0807-4976

FRAMSIDA: Frå dugnad på Feios kyrkjegard.  
Foto: GYDA TVEIT LUNDE

Trykk: GRØSET™



Ved Inger Helene Nordeide, Førde Leder i Bjørgvin bispedømeråd

FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

# Leiar

## - og dere tok imot meg

**«For jeg var sulten, og dere ga meg mat; jeg var tørst, og dere ga meg drikke; jeg var fremmed, og dere tok imot meg; jeg var naken, og dere kleddde meg; jeg var syk, og dere så til meg; jeg var i fengsel, og dere besøkte meg.»**

Da skal de rettferdige svare: 'Herre, når så vi deg sulten og ga deg mat, eller tørst og ga deg drikke? Når så vi deg fremmed og tok imot deg, eller naken og kleddde deg? Når så vi deg syk eller i fengsel og kom til deg?' Og kongen skal svare dem: 'Sannelig, jeg sier dere: Det dere gjorde mot én av disse mine minste søsknen, har dere gjort mot meg.' (Matt. 25)

Vi har levd skjermet her i Norge. Med verdens nød langt unna har det har vært mulig å ikke bli innhentet av den. Slik er det ikke lenger. Syriske flyktninger banker nå på døren vår, vi kan ikke unngå hverken å se eller høre.

«De andre» har kommet til oss, slik de også gjorde via filmen til Margret Olin i 2012. Den handlet om mindreårige enslige asylsøkere som stod i fare for å bli kastet ut av landet på 18-årsdagen sin. Jeg så den to ganger, og det ble klart verre andre gangen. Etter filmfremvisning i Bergen var det fakkeltog og appeller på Festplassen.

I fakkeltoget kjente jeg igjen en ung 17-åring fra filmen og jeg bestemte meg for å ta kontakt. Jeg gikk frem til ham og spurte om han fikk bli i Norge nå? Han forstod ikke. Jeg sa det samme på engelsk, og han svarte med et skuldertrekk.  
– I don't know. Det var altså ikke avgjort ennå. Så spurte jeg hvor han bodde:  
– Mottak. Jeg spurte videre hvordan han hadde det?

– I am sick, sa han bare, så gikk han ifra meg, orket nok ikke mer av denne nærgående samtalen. Jeg ble gående bak ham med et voldsomt indre trykk. Det er ingen «happy ending» på denne historien. Det er en norsk grrell virkelighet og den er ikke langt unna noen av oss.

Teksten om en av disse mine minste, har et veldig alvor i seg. Den tar kraftig tak og utfordrer meg: Hva kan du gjøre og hva gjør du? I tillegg til å gi penger og tid, kan jeg melde meg som flyktninguide eller verge for unge enslige asylsøkere eller flyktninger. Jeg kan umake meg for et annet menneske eller en familie, jeg kan dele av det jeg har, for alt det jeg har hører Herren til.

Ole Paus ble en gang spurt om han var en troende. Han svarte slik:  
– En troende? Nei, kall meg heller for en klamrende!  
Godt sagt, Ole Paus.

Jeg klamrer meg til nåden i Kristus Jesus. Jeg satser alt på at den holder og gjelder også mine forsømmelser og egosentritet. Som benådet er jeg fri til å tjene mennesker som kommer i min vei. Det kan være i min lokale menighet, i kirke- og organisasjonsliv eller rettet mot de jeg traff i fakkeltoget en høstkald kveld i Bergen. Han går fortsatt foran meg i tanken, denne 17-åringen. Han ville ikke snakke, men kanskje kan han trenge at vi alle tar et tak? ●

# Kjære, nyvalde sokneråd!

**Gratulerer med valet og med tilliten som medlemmer i sokneråda!**

AV HALVOR NORDHAUG,  
BISKOP I BJØRGVIN

Soknet er grunneininga i kyrkja, og det viktigaste som skjer i kyrkja, skjer i soknet. Her feirar vi gudsteneste, her driv vi med barne- og ungdomsarbeid, diakoni, undervisning, song og musikk og enda mykje meir.

I alt dette arbeidet har de i sokneråda eit viktig leiaransvar, slik det står i kyrkjelova:

*«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som*

*kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynnt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»*

Soknerådet sitt ansvar er stort. Men i dette ansvaret er de ikkje åleine. Saman med dykk står også mange andre medar-

beidarar, med eller utan lønn. Vi har ulik utrustning og kompetanse, og ulike ansvarsområde. Men vi er alle lemmer på same kropp, og kroppen er Kristi kyrkje.

Vi har same mål, og vi vil i fellesskap søke å realisere bispedømet sinvisjon:

***Saman vil vi være Den treeinige Gud***

- ved å forkynne Kristus
- bygge kyrkjelydar
- fremje rettferd

***Eg ønsker dykk signing og medvind i arbeidet i sokneråda! ●***



BISKOP HALVOR  
NORDHAUG.  
FOTO: JOSTEIN RISA

# Kva vil vi som kyrkjelyd?

**Soknerådet har mange oppgåver.  
Korleis kan vi sikra oss at vi gjer det viktigaste?**

TEKST: ROAR STRØMME,  
SPESIALPREST FOR  
INKLUDERANDE KYRKJELIV

Når sakene strøymer på, vert det gjerne til at ein prøver å ta unna det ein får i fanget. Slik kjem den overordna oppgåva, «å vekke og nære det kristelige liv i soknet», som det heter i soknerådet sin føremålsparagraf, lett i bakgrunnen. Slik treng vi spørje, i lys av dette oppdraget vårt: Kva vil vi som kyrkjelyd?

No er utviklinga av kyrkjelyden ikkje vårt eige verk. Det ligg, Gud vere takk, i større hender. Men vi kan vere Guds medarbeidrarar også i dette stykket. Såleis kan og må vi spørje: Korleis kan vi som kyrkjelyd vekse og modnast, i både tru og teneste?

Dette kan høyrest ut som eit heller luftig spørsmål. Men det kan takast tak i på handfast vis, ved at vi i soknerådet spør: Kva er stoda i kyrkjelyden vår? Kva er det særleg trong for å ta tak i? Kva har vi ressursar til? Kva er best å satse på, - på kort sikt og noko lenger sikt?

Korleis ein organiserer eit slikt strategiarbeid kan vere så ulikt. Det finst gode opplegg for dette, mange i sokneråda har erfaring med strategiarbeid frå kyrkje, arbeidsplass eller organisasjonar og prosten og bispedømet kan hjelpe til. Men same korleis vi gjer det, handlar dette om å arbeida med «kvar er vi» og «kvar vil vi». I dette trengst det «mykje himmel og mykje jord». Slik at vi har forventingar til Gud, og samstundes har eit jordnært syn på korleis tilhøva er hos oss. I siste instans handlar det om å forvalte dei ressursane Gud har gjeve oss som kyrkjelyd, i vår tid og på vår stad, Gud til ære og menneske til gagn.


# Bjørgvin bispedø

- Bjørgvin bispedøme er det bispedømet i landet som har flest sokn, totalt 182 sokn pr. 1. januar 2016.
- Pr. 1. oktober 2015 har bispedømet 486 775 medlemer og tilhørande. Bjørgvin er med dette det andre største bispedømet i landet i høve til medlemstal.
- Om lag 78 prosent av folket i bispedømet er medlemer av Den norske kyrkja.
- Bjørgvin er bispedømet med flest gudstenester, 8525 pr. år.
  - Gudstenestedeltakarar totalt: 803 362
  - Sun- og helgedagar: 655 579
  - Gjennomsnitt gudstenesteframmøte sundagsgudstenester: 99,4 personar
  - Dåpsprosent (2013) av fødde i Hordland: 67,1
  - Dåpsprosent (2013) av fødde i Sogn og Fjordane: 93,4
- Det er mange prestar i Bjørgvin, men også lange reiseavstander. Kartet på neste side viser medlemstal og prestestillingar, i tillegg til tal på sokn og fellesråd pr. prosti.



FOTO: INGRID ASKE

# me i tal





# Gje trua vidare

**Kva skal born og unge få med seg av kunnskap og erfaringar av tru inn i sin kvardag og vidare gjennom livet?**

AV SVERRE JOHAN NÆRHEIM,  
RÅDGJEVAR FOR TRUSOPPLÆRING

Det står det noko om i kvar kyrkjelyd sin plan for trusopplæring. Etter at trusdimen-sjonen vart flytta ut frå skulen si opplæring, har kyrkjemøtet bestemt at kvar kyrkjelyd skal skape sitt eige danningsprogram for born og unge frå 0-18 år. Som sokneråd skal de drøfta og vedta endringar i planen. I møtet med soknet sine fagfolk på trusopplæring, skal de ha orientering om korleis trusopplæringsarbeidet går og drøfta eventuelle justeringar av planen.

Sidan trusopplæringa vert betalt gjennom eigne løyvingar, er plan og rapportering

obligatorisk. Heldigvis er det laga eit godt plandokument som ein kan byggja på. Det heiter «Gud gir – vi deler».

Det pedagogiske synet som ligg til grunn er at ein lærer best når ein får erfara og praktisera tru. I bispedømet vil rådgjevarane innan trusopplæring prøve å samle alle gode erfaringar frå sokn og einingar rundt omkring for å hjelpe til slik at kvar plan blir best mogeleg ut frå dei lokale føresetnadane. Staten har gitt ekstraløyvingar til trusopplæringsre-forma, og i 2015 utgjer dette 315 millionar, det tilfører kyrkjelydane ressursar i form av tilsette. Vi er underveis i eit stort organisa-sjonsutviklingsprosjekt og siktar inn mot stadig betre trusopplæring i kyrkjelydane. ●

NASJONALT TILTAK: «Lys vaken» er eitt av dei nasjonale tiltaka som sokna kan ha med i sin eigen trusopplæringsplan. FOTO: MARIT HOMMEDAL

## Ungdom vil ha trusopplæring i heimen

**Ungdomstinget i Bjørgvin oppmodar kyrkjelydane om å følgja opp foreldra til å undervisa borna sine i heimen.**

– Vi ønskjer at familane skal få undervisning om korleis dei kan gje borna opplæring om trua. Konkret vil vi foreslå at kyrkjelydane arrangerer 1-2 kurs i året for foreldre som har fått døypet borna sine, seier leiar i ungdomsrådet, John Bertin Bjørke Hellerslien.

# Ungdom er ikke bare morgendagens kirke – ungdom er dagens kirke

**Det er en høy konfirmasjonsprosent i Bjørgvin bispedømme. Dette gir menighetene et glimrende utgangspunkt for ungdomsarbeid.**

AV TORFINN WANG, RÅDGJEAR FOR TRUSOPPLÆRING



I Sogn og Fjordane blir 88,4 prosent av de døpte 15 åringene konfirmert, i Hordaland blir 71,5 prosent konfirmert. Det er en formidabel innsats både prester, kateketer, trosopplærere og ikke minst frivillige legger inn, når de reiser på konfirmantleirer og turer med konfirmantene.

Mange steder er ungdomsarbeidet knyttet til en barne- og ungdomsorganisasjon. Det er mange fordeler med dette.

Ungdommene kan møte andre ungdommer på samlinger, events og festivaler, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Organisasjonene har også utviklet gode ledereklaerer og opplegg for ledertrening. Et annet viktig punkt er at frivillige ungdomsorganisasjoner skal ha et styre. Slik får ungdommene eierforhold og lærer seg medansvar, i tillegg til at dei får trening i demokrati.

En gang i året inviteres alle menigheter til å sende ungdommer, delegater på «Ungdomstinget». Det avholdes hvert år siste helg i uke 10. Her velges et «Ungdomsråd» som jobber med de sakene som har vært oppe på ungdomstinget. Ungdomsrådet sender også delegater til «Ungdommens kirkemøte».

Det er allikevel i den lokale menighet slaget står. Det er viktig at ungdommene får oppleve at de kan få være i kirken med hele seg. Det å være ung i 2015-2018 er noe helt annet enn det var i 2002, for ikke å snakke om på 80-tallet. Derfor er raushet og omsorg noe som må ligge under i menighetsrådets holdninger og arbeid, både for ungdommers uttrykksformer og deres bruk av lokalene. Slik kan de være støttende til alle ungdomsledere, både de ansatte og frivillige. ●

Det er viktig å vera open for ungdomen sine uttrykksformer i kyrkja. FOTO: JOSTEIN RYLAND

## Trusopplæring for vaksne

**Har du nokon gong tenkt:  
«Dette skulle eg gjerne  
ha visst noko meir om?»**


AV SVERRE JOHAN NÆRHEIM,  
RÅDGJEAR FOR TRUSOPPLÆRING

Når ungane spør, når presten er vanskeleg å forstå, når det stadig er debattar om kva kyrkja skal meina. Kva trur vi i kyrkja? Korleis skal vi organisere og styre fellesskapet av medlemmer? Kan vi endre synet på sentrale ting i den kristne trua på grunn av at tida endrar seg, eller er det

som før var sentralt ikkje lengre så sentralt?

Opp til 60-talet lærte ein tru i skulen. No lærer ein om tru i skulen. Å «oppdra» i trua, og «å lære å halde» alt Jesus har sagt oss, er nå lagt til kyrkja. Vi treng bli oppdatert i trua, og å gripe henne. Her kjem Trusopplæring for vaksne eller voksenundervisning inn i biletet. Biskop Halvor Nordhaug og bispedømet har den siste tida hatt fokus på å utruste kyrkjelydane til å ha tilbod om samtale- /undervisningssamlingar for vaksne. TID FOR TRO er ei overskrift for eit opp-

legg i denne kategorien. Første hefte er laga av Bjørn Nygaard, og har som tema; Den apostoliske trusvedkjenningsa. For dei som kjerner til Alpha-kurset, er det litt i same stil. Det er undervisning, mat og samtale. Opplegget kan tilpassast lokalt, og vi utfordrar også kyrkjelydar til å ta i bruk det ein kjenner til av opplegg ein trur vil passe lokalt, og om så utvikle sitt eige opplegg (som vi igjen kan dele med andre). www.k-stud.no er ein god stad for å finne meir informasjon om studieopplegg i regi av kyrkjelyden. ●



### Tips til opplegg:

- Lectio Divina, eller Ordets skole (metode for bibelstudie).
- Opp-Ned (bok, målgruppe 15-18 år).
- Kristen tro oppdatert. (Bok, Nyhus/Nyhus)
- 4basics – Kjell Markset (tre bøker: Lev-vel, Levekraft, Ansikt til ansikt)
- Andre studieopplegg om søndagstekst, bibelske bøker eller bibelske tema: K-stud

# Gje evangeliet føter og hender

– Omsorg kan planleggjast. Det meiner **Vetle Karlsen Eide, diakonirådgjevaren i Bjørgvin.**

For nokre år sidan fekk kyrkja ny plan for diakoni. Her vart det sagt at diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, den er evangeliet i handling.

– Korleis viser vi evangeliet i handling?

– I kyrkja vår har vi for tida ein plan som seier at evangeliet blant anna blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Vi kan tenkja oss at dette er «kartet» vårt i det store terrenget som diakonien omfattar. «Kompasset» er kyrkjelyden sin lokale

diakoniplan. Utan denne lokalt forankra diakoniplanen, kan vi komme til å leggje ut på ein lang, utmattande tur eller kanskje berre gå i ring, seier diakonirådgjevaren. Han meiner kyrkjelyden si omsorgsteneste er ein vesentleg del av å vera kyrkje, og ei høgt verdsatt side av kyrkja sitt vesen.

Vetle er entusiast:

– Tenk kva vi kan få til! Nokre vil kanskje legge til rette for språkkafé for innvandrar og flyktningar, andre vil få kyrkjelyden registrert som grøn kyrkjelyd, etter andre vil

starte ungdomsdiakonalt arbeid. Eller kan skje kan kyrkjelyden innkassere ny rekord når de er med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon? Sjekk om kyrkjelyden din har diakoniplan, gå gjennom den på nytt no i starten av soknerådsperioden.

– Og om du ikkje føler deg heilt kompetent med å nytte kartet og kompasset, nasjonal og lokal diakoniplan, er det hjelpe å få. Berre tak kontakt, seier diakoni- og misjonsrådgjevar Vetle Karlsen Eide på Bjørgvin bispedømekontor. ●



Kyrkja si historie illustrert med eit langt tau. Det er vår oppgåve å føra den vidare. Foto frå misjons- og diakoniturné i bispedømet.

FOTO: VETLE KARLSEN EIDE

## Lokal og global

**Som kyrkje står vi saman med den verdsvide kyrkja når vi forkynner evangeliet om Jesus Kristus i nærvær, handling og ord.**

AV VETLE KARLSEN EIDE

For å gjøre dette tydelegare når soknerådet skal prioritere, kan rådet og kyrkjelyden ta konkrete grep om sitt globale oppdrag ved å fokusere på desse fem arbeidsområda:

1. Vera med på KN sin fasteaksjon
2. Etablere/vidareutvikle misjonsavtale gjennom Samarbeid Menighet og Misjon (SMM).
3. Verte grøn kyrkjelyd
4. Markere merkesøndagar (Skaparverkets dag, sondag for dei forfølgde m.fl.)
5. Tenkje gjennom kven vil gjøre det då?

*Soknerådet gjer vedtak om offerliste, og om ikkje kyrkja vel å gje til dei kyrkjelege organisasjonane, kven vil gjøre det då?*

Når ein vel eit misjonsprosjekt, som alle kyrkjelydar vert oppmoda til, har sju misjonsorganisasjonar eit samarbeid med kyrkja gjennom SMM-paraplyen. Desse organisasjonane kan mellom anna vere ein ressurs inn i kyrkjelydens barne- og ungdomsarbeid og trusopplæringa. Kvifor ikkje nytte dette høvet til å løfte arbeidet lokalt? ●

# Grøn kyrkjelyd?

Klimaendringane er over oss. På våre kantar handlar det om at det vert varmare, våtare og villare. På andre kantar handlar om tørke, svolt og naud. Som så ofte elles, er det dei fattigaste og mest sårbare som vert hardast råka.

AV ROAR STRØMME, SPESIALPREST  
FOR INKLUDERANDE KYRKJELIV

Vi veit no at dette er menneskeskapt, og at vi følgjeleg kan gjere noko med det. Klimakrisa er såleis ei av dei aller største etiske utfordringar vi står overfor som kyrkle og samfunn.

Dette må møtast på mange plan. Men vi kan ta til med oss sjølve og vår eigen kyrkjelyd. Difor arbeider vi for å skape grøne kyrkjelydar, der ein gjennom handfaste tiltak reduserer presset på miljøet, og fremjar ein berekraftig livsstil med rettvise fordeling.

Mange kyrkjelydar i Bjørgvin er alt klasifiserte som «grøne». Men bispedømet vil gjerne hjelpe til, blant anna gjennom «grøne prostikontaktar», slik at fleire kyrkjelydar kan vere med i denne gode ordninga, som er både til glede og gagn. Grønt liv er godt liv! ●

Sjå [gronnkirke.no](http://gronnkirke.no)

Frå ei gudsteneste i Selje kyrkle i samband med at vatn frå Selja vart sendt i stafetten «Klimapilegrim» til klimatoppmøtet i Paris. FOTO: TROND ØIGARDEN



# Det inkluderande kyrkjelivet


Alle har rett til eit trusliv. Korleis kan menneske med funksjonsnetsetjing bli inkluderte i kyrkjelyden sitt liv?

AV ROAR STRØMME, SPESIALPREST  
FOR INKLUDERANDE KYRKJELIV

– Vi ynskjer å vere ei kyrkle som er open og tilgjengeleg for alle. Dette gjeld også dei som har ei funksjonsnedsetjing. Difor vil vi rydde unna hindringar i kyrkjebrygga som gjer dette vanskeleg. Like eins vil vi legge samlingane våre til rette slik at alle kjenner seg inkluderte. Prinsippet om universell utforming gjeld såleis i høg grad også i kyrkja, både når det gjeld bygg og kyrkjelydsliv, seier Roar Strømme.

Han arbeider ved bispedømekontoret som spesialprest for inkluderande kyrkjeliv.

– Særleg for menneske med psykisk funksjonsnedsetjing kan dette kreve noko ekstra tilrettelegging. Nokre må ha meir, for å få like mykje. Difor har vi i bispedømet i mange år hatt menneske med psykisk utviklingshemming særleg for auga i arbeidet vårt. Saman med integreringsutvalet i bispe-



Alle har rett til eit  
trusliv. Frå boka  
«Bli kjent i kirken»  
Foto: MARIT HOMMEDAL

dømet, vil vi såleis kunne hjelpe kyrkjelydane med råd og dåd i dette stykket, seier Strømme.

– Det handlar om rett til eit trusliv, også

for dei med funksjonsnedsetjingar. Og det handlar om ei truverdig kyrkle, som praktiserer det menneskesynet ho trur på, seier spesialpresten. ●

# Offensiv satsing i lite sokn

**Korleis møter ein framtida i eit lite sokn med mange kyrkjer?**

**I Hyllestad gjorde ein store grep i ei av dei tre kyrkjene.**

Folketalet i Hyllestad er ca. 1400 og medlemstalet i kyrkja ca. 1100. Soknet er ei samanslåing av tre tidlegare sokn, og ein har tre kyrkjer og eit kapell som alle er av langkyrkjetypen. Alle bygga er i bruk slik at dei to kyrkjene i Øn og Bø til saman har 50 prosent av gudstenestene, medan sentrumskyrkja i Hyllestad har den andre halvparten.

I 2012 vart Hyllestad kyrkje bygd om til eit meir fleksibelt rom. – Etter at den ombygde kyrkja vart opna, ser vi no eit kyrkjerom som handterar ei sterkare spennvidde i ulike aktivitetar og tilbod, langt betre enn før. Siste veka her hjå oss har vore eit godt døme på det, seier soknerådsleiar Jostein Ryland.

– Sundagen var det familiegudsteneste der ein brukte lyd og bilde som viktige inntrykk. Torsdag var det kvardagsgudsteneste med fokus på pensjonistane sin dag med matservering etter gudstenesta og triveleg samvær rundt dekka bord bak i kyrkja. Fredag var det ein flott gospelkonsert der vårt gode flygel verkeleg kom til sin rett. Laurdag rigga ein kyrkjerommet om til småbord og gjorde klart for den årlege soknerådsbasaren

på sundag ettermiddag til inntekt for barne- og ungdomsarbeid lokalt, og 1-2 timer etter avslutta basar var kyrkjerommet igjen klart innreia til nye gudstenester, fortel Ryland.

## Mange formål

Det ombygde kyrkjerommet blir no nytta til all konfirmantundervisning, soknerådsmøte og stabsmøte.

– I haust startar vi også opp med ungdomsklubb annankvar fredag, og vi jobbar med planar om å få i gang igjen eit tilbod for sundagsskule til dei yngste. Etter nyttår er det også planen å starte opp med temakveldar og kurs, og vi skal innan kort tid ta til med ein prosess for å identifisere vår visjon og verdigrunnlag som lokalkyrkje. Det vi särleg ser er at born og unge no tek til seg det nye kyrkjerommet og gjer det til sitt eige, vi ser og at dette rommet lettar rekrutteringa av frivillige, det blir enklare å hjelpe til, og ein kan ha fleire ulike oppgåver slik at alle føler seg til nytte, seier ein entusiastisk soknerådsleiar. Han har vore sentral i gjennomføringa av denne omlegginga, og

legg vekt på at det handlar om meir enn å byggja om kyrkja.

## Meir enn kyrkjebygg

– I Hyllestad kjenner vi no at der er ein better balanse mellom gammalt og nytt / fortid og framtid i kyrkja. Vi føler at vi på mange område har lukkast, trass i små midlar tilgjengelig, i å få til ei meir framtidsretta kyrkje. Vårt fokus er å ha eit tilbod til flest moglege aldersgrupper, samtidig som vi bygger ein kyrkjelyd for framtida. Vi har i dag eit godt samarbeid med ulike lag og organisasjonar, og med skule og barnehage som ligg tett ved sentrumskyrkja på Hyllestad, seier Ryland.

Soknerådsleitaren var attvald til soknerådet, og gler seg til å ta fatt på ein ny fireårsperiode, med både nye og meir erfarte medlemmer i rådet.

– Lokalvalet i Hyllestad gav oss ei deltaking på over 20 prosent, ein auke i valdeltaking på ca. 50 prosent. Det er vi godt nøgde med og vi satsar på at deltakinga og engasjementet rundt kyrkja sitt arbeid også vil auke i åra som kjem, seier Jostein Ryland. ●

Hyllestad kyrkje er mykje i bruk etter ombygginga.

FOTO: JOSTEIN RYLAND

- Vårt fokus er å ha eit tilbod til flest moglege aldersgrupper, samtidig som vi bygger ein kyrkjelyd for framtida, seier soknerådsleiar Jostein Ryland.



## Soknerådsleiaren

Felleskap og samarbeid er viktige stikkord når soknerådsleiar i Voss, Britt Gunvor Hernes oppsummerer ti år i soknerådet og seks år som leiar.



– Eg synest noko av det kjekkaste med arbeidet har vore samarbeidet med dei tilsette. Fellesskapen mellom medlemmene i soknerådet har vore berikande, andre friviljuge medarbeidarar me har knytta til oss gjennom fleire tiltak, har også berika arbeidet, seier Hernes.

### – Kvifor er du med i soknerådet?

– Nokon må ta ansvar og gjera ein jobb. Ellers stoppar arbeidet i kyrkja opp, nokon må vera med å arbeida for Guds rike, seier soknerådsleiaren. Ho synest arbeidet i rådet til tider har vore strevsamt men det har også vore kjekt og eg har fått brukt meg sjølv.

## 10 råd til nye soknerådsmedlemer

1. Det er mangt å setja seg inn i, men gjev deg sjølv tid. Ikkje miss motet.
2. Prioriter kva de vil satsa på og bruk tid på planlegging. Kva kan vi gjera, med våre ressursar?
3. Ta i mot hjelp frå dei som er gått ut av soknerådet.
4. Inviter ein og ein av dei tilsette til møta for å verta kjend med arbeidet deira.
5. La medlemene få vera med i eit utval/ ei nemnd som dei «brenn» for.
6. Lat det gjerne gå på omgang å ha innleiing på møta, evt. kan eit medlem velja ein salme.
7. Ha god kontakt med fellesrådet/personen i soknerådet som sit i fellesrådet.
8. Syt for at soknerådet har full styring med budsjett og rekneskap.
9. Sokneråd som også er fellesråd: Ta soknerådssakene først i kvart møte.
10. Ha oppe eit overordna tema på dei fleste møta, ikkje berre konkrete «saker». Døme: Barne- og ungdomsarbeid, diaconi, trusopplæring, gudstjenester, kyrkjemusikk, kommunikasjon.

BRITT GUNVOR HERNES/BISPEDØMEKONTORET

# Kultur i kyrkja

– Mennesket er like mykje kropp som sjel. Like mykje hjarte som hovud. Gud talar til og bryr seg om heile mennesket, - heilt frå fødsel til død.

Det er kulturrådgjevar Ragna Sofie Grung Moe som seier dette og meiner det må få konsekvensar for livet i kyrkja.

– Ikkje berre babyane skal få oppleve song og rørsle i kyrkja, det er oss alle, i alle aldrar. Difor oppmodar me dei som er nye i sokneråda til å ta i bruk alle sansar i utviklinga av det gode livet i soknet: klangar, fargar, forteljingar, dans, drama og musikk, seier ho.

Kyrkja har fått midlar frå Kulturdepartementet til ei rådgjevarstilling på kulturfeltet ved kvart bispedømmekontor. I Bjørgvin har Ragna Sofie Grung Moe denne stillinga. Kulturrådgjevaren arbeider for at kulturlivet får bløma i lokalkyrkjelydane og gjev mellom anna råd i korleis ein kan sökja om midlar til tiltak:

– Bygg gode alliansar med eit mangfald av kulturarbeidarar og musikkar i kyrkje og i lokalmiljø, invitér dei inn i liturgiar, seremoniar og kvardagsaktivitetar, like så naturleg som du inviterar med ein kaffikokar eller ein kakebakar, seier ho.

Kulturen set farge til kyrkja.

– Det er viktig å lage gode planar for kunst- og kulturaktivitetar i soknet. Bli samde om kva de vil satse på når det gjeld kultur, kunst, musikk og pilegrim i denne soknerådperioden. Syt for at Plan for kyrkjemusikk vert vedteken og følgd. Enkle, gjennomtenkte og realistiske planar, vedteke i soknerådet, samlar og synleggjer ei kyrkje som bryr seg om heile menneske

Pilegrimsferdene mot Røldal og langs kysten er eit viktig arbeidsområde for kulturrådgjevaren.

– Pilegrimane er ei gave til kyrkja. Søkjande menneske på vandring ønskjer å besøka kyrkjene. Ved å ha opne kyrkjer og enkle kyrkjeloge handlingar, kan både dei og kyrkjelyden ha glede av kvarandre, seier Grung Moe, som også oppmodar oss til å utforske vår eiga kyrkje på nyt.

– Bli kjent med arkitekturen, biletta, symbola, ver stille og kjenn at Gud er god, seier ho. ●

FOTO: RUNE MOLVIK



# Finn oss på nettet



Kontaktinformasjon til stiftsdirektør Jan Ove Fjellveit og resten av bispedømekontoret, finn du på nettsidene. FOTO: JENS Z. MEYER

**På våre nettsider kyrkja.no/bjorgvin kan du enkelt finna biskopen, bispedømerådet og bispedømekontoret. Ei eiga side inneheld aktuelle linkar for medlemer av sokneråda - søk på tema «sokneråds-kurs».**

- Målet er at du lett skal kunna finna fram på sida anten du er godt kjent med kyrkja eller ikkje.
- Nettsidene har ikkje mange og lange menyar, i staden kan du søkja etter det du gjerne vil lesa om. Søkjefeltet ligg oppa på sida.
- Nettsidene er tilpassa mobiltelefon, PC og nettbrett.
- Sidene er tilgjengelege også for menneske med funksjonshemminger (universelt utforma).
- På mobil kjem søkerfelt og menyar fram ved å trykka på ein slik knapp:
- Bispedømet sine sider har ein del stoff for prestane, som er tilsett av bispedømerådet. Dette er samla under eit eige menypunkt - «For tilsette».
- Den norske kyrkja si hovudside, **kyrkja.no**, har mykje aktuelt stoff for vanlege kyrkjemedlemer. Nyttig er også nettsida **kirkeaktuelt.no**. Den rettar seg særleg mot tilsette, medlemer av sokneråd og fellesråd og andre frivillige medarbeidarar i Den norske kyrkja.

